

Uttale til budsjett for 2021 frå Fitjar ungdomsråd.

Reduksjon av 10,66 årsverk i Helse-og omsorg fordelt på tenestene habilitering, heimebaserte tenester, FBB og kjøkken:

Ungdomsrådet meiner at ein må unngå å skjære ned på stillingar på Sjukeheimen og Havnahuset. Det er viktig at dei eldre som er i slutten av livet får den hjelpe dei treng. Mange får gjerne ikkje besøk så ofte og då er det viktig at personalet har tid til dei. Dersom personalet har for mykje å gjera er det lett for at dei vert sjukemeldte og då sparar ein ikkje pengar likevel.

Reduksjon av ca.4,47årsverk i Oppvekst-og kultur - i hovudsak fordelt på skulaneog helsestasjonen:

Ungdomsrådet ber kommunestyret passe på at ein har tilstrekkeleg med spesialpedagogar i Fitjarskulane. Me ser at det skal skjærast vekk ein del av tilbodet og det er vorte sagt at dette gjeld tilbod til elevar i avgongsklassane. Me vil at ein skal sikre at tilstrekkeleg tilbod vert oppretthalde til alle som treng det i åra framover.

Nedlegging av SFO på Øvrebygda skule og SFO på Selevik skule:

Ungdomsrådet meiner at dette vil være til stor ulempe for barnefamiliane. Det vert både vanskeleg og fordyrande om ein skal frakte borna så mykje att og fram som dei må gjera dersom ungane skal gå på SFO på Rimbareid før og etter skulen frå krinsane.

Flytting av 7 klasse ved Øvrebygda skule til Rimbareid skule frå 01.08.21. Elevtalet første året i berørt klasse er berre 4 elevar:

Ungdomsrådet meiner at dersom ein skal flytte 7. klassane må ein gjere dette konsekvent kvart år, uavhengig av talet på elevar. Dette for at både barn og foreldre treng forutsigbarheit

Dersom ein flyttar 7. klassane må ta omsyn til at dei som kjem frå krinsane får gå same klasse med elevar dei har vorte kjende med i 7. klasse. Elles kan det skape utryggleik for dei det gjeld når dei må forhalde seg til heilt nye medelevar 2 år på rad.

Generell reduksjon av ressursar til vikar, ekstrahjelp og driftsmidlar i heile organisasjonane:

Ungdomsrådet meiner at det er viktig å ha nok midlar til vikarar. Som før nemnd har er det fare for at folk vert sjukemelde dersom dei som er att må jobbe for mykje.

Helsestasjonen:

Det er viktig at ein har eit godt tilbod når det gjeld helsestasjon til barn og unge. Fitjar bør satse på førebyggande arbeid for denne aldersgruppa. Dette meinar med er er ei god investering for framtida. Ein bør heller auke tilbodet om helsestasjon enn å redusere det.

Reduksjon i administrasjon knytt til vakansekkrav, bortfall av lærlingstilling IKT og redusert driftstilskot til Fitjar Kyrkje:

Det er viktig å tilsette nye folk i stillingar der folk sluttar eller går av med pensjon.

Når det gjeld bortfall av IKT- lærling bør Fitjar kommune ta ansvar for at ein tilbyr lærlingplassar. Det er viktig å investere i kompetanse for framtida. Utan lærlingplassar får ikkje folk fagbrev.

Kyrkja:

Ein må ikkje redusere midlar på ein slik måte at kyrkja ikkje kan oppretthalde det aktivitetsnivået dei har dag. Kyrkja har mange viktige funksjonar.

Fitjar kultur- og idrettsbygg:

Ungdomsrådet er enig med at ein må gje driftstilskot til FKIB. Der fins det mange ting som folk treng. Bibliotek, seniorsenter, idrettshall, kultursal og klasserom for Fitjar vgs. Derfor er det viktig å unngå at FKIB går konkurs.

Bibliotek:

Ungdomsrådet meiner at halvering av bokbudsjettet for andre år på rad er svært uheldig. Biblioteket gjer mykje for å få folk til å lese bøker. Slik stoda er no har ikkje biblioteket midlar til å kjøpe nye bøker. Då vert det ikkje attraktivt å låne bøker meir. Skulane og barnehagane får låne bokkassar, men dei forstår fort at dei berre får dei same gamle bøkene å dele på. Me ber om at ein tilbakefører nedtrekket for bokbudsjettet som vart gjort for 2020 og som ligg an til å verte vidareført for 2021.

Satsing på IKT:

Ungdomsrådet er enig med at ein skal satse sterkt på IKT, men me stiller oss uforståande til at ein då tek bort den eksisterande lærlingplassen i IKT-avdelinga.

Budsjettinnspel frå Ungdomsrådet:

Ungdomsrådet ønsker å lage ein fritidsklubb der ungdomane kan møtast fleire kveldar i veka, med fast tilsette vaksne. Me ønsker eit eige lokale til dette formålet som ikkje vert brukt til andre ting. Der kan ein til dømes ha biljardbord og bordtennisbord og andre ting fast utan å måtte flytte på dei. Det er viktig å prioritere ungdom på denne måten. Det kan hjelpe til å danne relasjonar som elles ikkje kjem i stand og kanskje forebygge fråfall i skule og at nokon hamner på skråplanet. Avisa presenterte i førre veke ei undersøking der det går fram at Fitjar kommune er av dei årlegaste i heile landet når det gjeld å satse økonomisk på ungdommane sine. Dette ber me politikarane om å ta tak i no, og me ser for oss at dette må verte mykje betre i nærmeste framtid!

Med venleg helsing

Fitjar ungdomsråd